



**I september 2007 velta ei velvaksen grein av eit bøketre over stallen på Bygdetunet Rød.**

**No har ei ny grein frå det same treet falle over det same huset, men det vart ikkje store skadar dene gongen heller (biletet over) .**

Konklusjonen er den same denne gongen: Når først gale skulle skje, kunne det gått langt verre.

Det er i alle fall nærmast utruleg at delar av dei gamle eiketrea som står mykje tettare innpå hovudhuset på museet ikkje bukkar under for vindkasta.

Det gjeld ikkje minst den utruleg flotte eika som er freda og som er frå mellomalderen. Det er tre nummer 2 frå venstre (biletet under).

Trea på Rød er ein svært viktig del av museumsmiljøet - og eit av dei ålvorlegaste trugsmåla mot det.!

(Foto: Ola Matti Mathisen)

